
Saksnr: 2021/5805-1
Saksbehandlar Ingrid Holm Svendsen
Dato: 22.02.2021

Til: Fylkesutvalet og fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Status oppfølging av verbalpunkt budsjett 2021: Organisasjonsgjennomgang

Fylkesrådmannen viser til verbalpunkt om den vedtekne organisasjonsgjennomgangen i samband med budsjett for 2021 (PS 220/20):

«Fylkestinget syner til administrativt innsparingsprogram som tilrår ei innsparing i administrative kostnader i 2021 på 30 mill.kr. Fylkesrådmannen skal konkretisere dei ulike innsparingstiltaka framover. Som grunnlag for å konkretisere innsparingstiltaka skal fylkesrådmannen med ekstern bistand gjennomgå Vestland fylkeskommune si organisering for å sikre ein tenleg og effektiv organisasjonsstruktur, regional balanse og merksemd på digitalisering. Organisasjonsgjennomgangen skal mellom anna vurdere;

- *organisasjonsstruktur inklusiv storleiken på seksjonar/einingar, kontrollspenn og omfang av lokale stabsfunksjonar inklusiv merkantile ressursar*
- *fordeling av ressursar og ansvar/oppgåver mellom sentrale og lokale stabsfunksjonar i administrasjonen og ytre einingar*
- *organisatorisk effektivitet knytt til noverande innretting med delte kompetansemiljø versus geografisk samling av ulike fagmiljø («Center of expertise»)*
- *område med potensiale for digitalisering*

Det er ein føresetnad at tiltak gjennomførast i dialog med tillitsvalde og innanfor arbeidsmiljølovens ramme og det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført.»

Innretting på arbeidet

Fylkesrådmannen har engasjert konsultentselskapet PwC, som fylkeskommunen har rammeavtale med, til å stå for denne organisasjonsgjennomgangen. PwC har starta opp arbeidet med støtte frå sentrale ressursar i fylkesadministrasjonen og det vert lagt opp til slik innretting og framdrift på arbeidet:

Delprosjekt 1: Sentrale og lokale stabsfunksjonar - delrapport skal vere utarbeidd i løpet av mai 2021

Delprosjekt 2: Digitaliseringspotensiale - delrapport skal vere utarbeidd i løpet av juni 2021

Delprosjekt 3: Delte versus samla kompetansemiljø - delrapport skal vere utarbeidd i løpet av hausten 2021

Delprosjekt 4: Organisasjonsstruktur - delrapport skal vere utarbeidd i løpet av hausten 2021

Framdrift

Det er utarbeidd ein detaljert framdriftsplan for hovudprosjektet og for delprosjekt ein og to.

Delprosjekt ein vil også ta opp i seg element relatert til dei tre andre delprosjekta for å sikre ei heilskapleg tilnærming.

Detaljplan for gjennomføring av delprosjekt tre og fire vil vere klar innan utgangen av juni. Ein samla rapport med tilrådingar innan alle fire områda skal vere klar innan årsskiftet 2021. Rapporten skal peike på aktuelle tiltak og handlingsrom og identifisere vidare utviklingspotensial.

Involvering og informasjon

Som del av arbeidet med delprosjekt to vil det i mars bli gjennomført ein digital modenheitsanalyse av organisasjonen, der alle tilsette i fylkesadministrasjonen vert inviterte til å delta. I denne samanheng vil det også bli gjennomført ei rekke djubdeintervju med sentrale leiarar og representantar frå kvar hovudsamanslutning.

Vidare vert det lagt opp til ei rekkje workshops og intervju med leiarar, medarbeidarar, tillitsvalde og andre nøkkelressursar for å hente inn informasjon og innsikt knytt til alle delprosjekta.

Hovudtillitsvalde, fylkeshovudverneomboda og det sentrale arbeidsmiljøutvalet er orienterte om innrettinga på arbeidet og vil få orienteringar undervegs i prosessen. Fylkesrådmannen vil også halde administrasjonsutvalet orientert om arbeidet.

Tilsette vert dessutan orienterte gjennom allmøte og i form av informasjon på intranettet.

Fylkesrådmannen viser elles til vedlagte prosjektpresentasjon frå PwC.